

# ROCK & SÅNT

FRÅ TEIGEN TIL METALLICA



SONGLAGET STORDABUEN

# ROCK & SÅNT

**VELKOMEN PUBLIKUM** til det aller sikraste haustteiknet på Stord og årets storstilte musikalske høgdepunkt. Songlaget Stordabuen gleder seg verkeleg til å framföra eit breitt spekter med musikalsk rockehistorie.

Å syngja i kor er ei fantastisk oppleving, og noko som alle burde prøvd i løpet av livet. Når ein syng saman, skaper ein eit sterkt harmonisk fellesskap. Dette håpar me i Stordabuen at de alle her i kveld kjenner på under førestillinga. Musikk har ein fantastisk eigenskap ved at den samlar menneske, og det er akkurat det denne kvelden handlar om: Å skapa musikalske relasjonar.

Stor takk til gode og viktige støttespelarar som bidreg med sponsoring og annonsestøtte. Dette gjer det mogleg for Stordabuen å gjennomföra årets konsert «Rock & Sånt». Alle bidrag fører til at Songlaget Stordabuen kan vera med på å skapa eit betre og rikare kulturliv på Stord!

Ei spesiell takk til Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad for støtteordninga «Vi skal

løfte frivillig engasjement og innsats» og Sparebanken Vest for støtteordninga «Takk for at dere er med på å bidra til at livet på Vestlandet blir enda litt betre». Songlaget Stordabuen er takksam for støtta til vårt musikalske prosjekt 2023.

## Kjære korvener i Songlaget Stordabuen:

Takk for eit fantastisk forrykande år, alle saman! Det er ei sann glede at me år etter år får oppleva slike storståtte konsertkveldar saman. Det står stor respekt av den jobben de alle har lagt ned dette året, med innøving av mange nye, varierte, og krevjande songar som vår musikalske leiar har utfordra oss på.

Gjennom øvingsåret har me jobba saman med mange ulike oppvarmingsøvelsar, smakt på vokalar, spyttu ut konsonantar, og ikkje minst delt latterøvingar med blant anna songen om «rumpa mi» Så, tusen takk til alle koristarar i Songlaget Stordabuen.

**Olav Bauge, styreleiar**

## OM PROSJEKTET OG FØRESTILLINGA:

I år har Songlaget Stordabuen rock' som gjennomgangstema, og då snakkar me rock i eit vidt omgrep. Både norsk og utanlandsks, frå 50-talet og fram til i dag, frå musikk som grensar mot popmusikk til meir ikoniske rockemelodiar. Me kjenner vårt publikum og veit kva som fenger, her får du dei lyttevenlege rockemelodiane. Dei du kan klappa takten til og der du kan syngja med på refrenget, litt for alle, noko for ein kvar.

Så vil du sikkert sakna både eine og andre artisten, det gjer me også, men me får berre plass til ein brøkdel. Dette er vårt vesle utval, me får håpa det fell i smak. Set deg

godt til rette, la rockefoten gå, kan hende får du litt gåsehud, kan hende får du ein god latter.

Me vil prøva å gje deg ei oppleving, med den gode stemninga og småprat rundt det heile, frå du kjem inn i Kulturhuset til du går heimatt. Ein god konsert med Stordabuen skal vera litt meir enn berre musikken; eit minne, om ikkje for heile livet, så i alle fall for ei god stund.

Uansett, kos deg og syng gjerne med!

**Dag Bergsvåg,**  
på vegne av manusgruppa

# ROCK & SÅNT

## ROCK, SEIER DU?

- Rock. Det blir rock.
- Rock? spurde eg.
- Stemmer.
- Litt meir spesifikt, kanskje...?
- Nei. Berre rock.

Det var korformannen som kom med bodskapen. Styret hadde bestemt seg. Kor-songarane hadde fått kome med ynskje for «Prosjekt 2023» og mange forslag var lufta. Men ingen kunne altsø måla seg med dette eine: «Rock».

*- Du får sjå på det og prøva ha nokre songar klare til første øving etter årsskiftet, sa formannen.*

Det var desember 2022. Eg tenkte at... ja ja, eit prosjekt på rockemusikk kunne jo vera greitt? I fjar var det «filmmusikk» som var tema, og dei fire åra før det popmusikk frå høvesvis 1990-, 80-, 70- og 60-åra. No altsø «rock».

Første steg var å prøva å avgrensa det vide emnet. Men korkje leksikon eller Google var til nemnande hjelp, skulle det visa seg. For «rock»... det kunne visst vera all slags musikk, det. Eg hadde naturlegvis mine eigne tankar om kva «rock» var for noko. Men det hadde også dei 70 songarane i koret. Kvar songar, si meining.

So korleis plukka ut eit 20-tals låtar som kunne høva til temaet, og samstundes vera kjekke å øva på heilt fram til framsyningane i Kulturhuset i oktober? Det måtte ikkje bli for heavy, tenkte eg, men heller ikkje for pusete.

The Eagles sin legendariske «Hotel California» måtte med, det var eg sikker på. Og «Comfortably Numb» med Pink Floyd. For ikkje å snakka om svingande rockabilly

frå 1950-åra. Queen var det ikkje mogleg å koma utanom. Og heller ikkje Metallica. Og så måtte me jo ha noko norsk. DDE, Dum Dum Boys, Jahn Teigen, Åge Aleksander-sen, Kaizers Orchestra...

Før eg visste ordet av det, hadde eg so mange songar eg «måtte ha med» at tidsramma for framsyninga var sprengt. Det måtte kuttast. Songane skulle jo trass alt arrangerast for blandakor og deretter øvast inn med både kor og orkester.

Første øving var i januar. Etter det gjekk det slag i slag. Sakte, men sikkert kom songane på plass. Naturlegvis møtte me motbakkar; det kunne vera vanskelege rytmiske parti som skulle på plass eller haugevis med engelske glosar som måtte lærest. Men i det store og heile peika pila oppover. Heilt til me står her i dag, framfor vårt trufaste publikum.

Og det skal vera sikkert; utan eit slikt publikum, utan gode støttespelarar som kjem tilbake år etter år for å høyra på oss, hadde me gitt oss med desse prosjekta for lenge sidan.

Vonar du får ei god stund i salen med oss og dei songane me har valt ut.  
Rock on.

**Torleiv Agdestein,  
dirigent**



# OM SONGANE

## WE WILL ROCK YOU/ LET ME ENTERTAIN YOU: Queen/Robbie Williams

WE WILL ROCK YOU av Queen frå 1977 blir ofte spelt på sportsarrangement rundt heile verda. Robbie Williams si LET ME ENTERTAIN YOU kom i 1997. Og det er det me vil: Underhalda deg med ROCK.

## ROCK'N ROLL MEDLEY

Her får me ei samling av mange gamle og gode 50-tals rock'n roll-låtar. TUTTI FRUTTI, Little Richard 1955, ROCK AROUND THE CLOCK, Bill Haley 1954, BLUE SUEDE SHOES, Carl Perkins 1955, ROCK A BEATIN' BOOGIE, Esquire Boys 1952, HOUND DOG, Big Mama Thornton 1952. Alle desse songane har blitt framført av ei rekke kjende artistar frå 50-talet fram til våre dagar.

## LIVIN' ON A PRAYER: Desmond Child, Bon Jovi, Richie Sambora

Songen kom på Bon Jovi sitt tredje album, Slippery When Wet, i 1986. Plata fekk ei rekke topplasseringar, mellom anna i Noreg. Teksten skildrar arbeidarklasseparet Tommy og Gina som strevar for å få endane til å møtast. Jon Bon Jovi har sagt at teksten er ein kommentar til Reagan-æraen.

## LEVVA LIVET: Åge Aleksandersen

Åge Aleksandersen frå Namsos slo gjennom med bandet Prudence som gjorde trønderrocken kjend. Prudence gav seg i 1975 og Åge flytta til Trondheim og starta Sambandet. I 1984 kom albumet Levva Livet med Åge og Sambandet ut. Dette er det tredje mest selde norske albumet, berre slått av Sissel sine juleplater. I tillegg til titellåten var også megahiten Lys og varme med på albumet.

## DON'T BRING ME DOWN: Jeff Lynne

Electric Light Orchestra starta opp i 1970. Dei kom frå Birmingham, og etter kvart blei det Jeff Lynne som var hovudpersonen. I sytti- og åttiåra gav ELO ut ei rekke topplåtar. På albumet Discovery frå 1979 kom Don't Bring Me Down. Dette var den første songen frå ELO der dei ikkje brukte strykeinstrument.





### I LOVE ROCK'N ROLL: Alan Merrill, Jane Hooker

Det britiske bandet The Arrows med Alan Merrill i front spelte inn denne songen i 1975. Den amerikanske songaren Joan Jett hørde dei då ho turnerte i England. Ho likte det ho hørde og i 1981 spelte ho inn songen saman med bandet sitt The Blackhearts, og gjekk til topps på listene i fleire land. Britney Spears kom med ein versjon av songen i 2002.

### TEIGEN MIX: Jahn Teigen

Jahn Teigen gav ut over 40 album og meir enn 60 singlar frå debuten i 1965 og fram til han døydde i 2020. Den folkekjære artisten song mellom anna dei to songane som me har sett saman her. BLI BRA IGJEN er ikkje skriven av Teigen, men har norsk tekst av Herodes Falsk til ei melodi kalla Come Back to Me. SALA PALMER, som er ein hyllest til teikneseriefiguren Fantomet si kone, kom på albumet En dags pause i 1979, og er laga av Teigen/Falsk.

### HJERTEKNUSER: Janove Ottesen

Kaizers Orchestra kom med Hjerteknuser som single i 2010, året etter som spor på albumet Violeta Violeta Volume I. Albumet fortel historia om jenta Violeta og foreldra, der faren tek den vesle jenta med vekk frå mora. Hjerteknuser skildrar lengten og fortvilinga til mora og Violeta. Før utgjevinga hadde NRK sin P3 Urørt ein tevling der artistar skulle laga coverversjonar av songen før dei hadde hørt Kaizer sin versjon. Dette synte seg å vera god marknadsføring.

### THE BALLROOM BLITZ: Michael Chapman, Nicky Chinn

Denne songen var inspirert av ei hending på ein konsertstad i Skottland der eit misnøgd publikum kasta flasker og anna, og jaga bandet Sweet av scena. Sweet var eit glamrock-band som på 1970-talet hadde ei rekke topphittar. Ballroom Blitz kom i 1973 (single).



# OM SONGANE

## IRONIC: *Alanis Morissette*.

Morissette skreiv denne songen saman med Glen Ballard, som også produserte albumet Jagged Little Pill. Dette var det første internasjonale albumet til Morissette. Ironic skil seg frå dei andre spora på plata då den er fiksjonalisert, og ikkje sjølvbiografisk eller basert på menneske Morissette kjente.

## NEED YOU NOW: *Lady A*

Bandmedlemmane i Lady A skreiv denne songen om lengt i løpet av nokre nattetimar tilbake i 2009. Som fleire av dei andre songane på gruppa sitt album, Need You Now, handlar den om kva ein lærer av opp- og nedturar i ulike relasjoner gjennom livet. Songen klatra lynraskt på hitlistene då den vart gitt ut og vann fleire prisar.

## JUST A GIRL: *No Doubt*

Just a Girl vart skriven av Gwen Stefani i frustrasjon over det ho meinte var ein overbeskyttande far, sett opp mot korleis broren Eric fekk mykje friare tøylar. Songen vart utgitt som singel, og del av albumet «Tragic Kingdom», i 1995. Just a Girl vert spelt heilt i byringja av filmen Clueless, og den musikalsk ansvarlege for filmen uttalte at denne var «the embodiment of Clueless».

## THE BEST: *Tina Turner*

Bonnie Tyler stod for den opprinnelige innspelinga av The Best, men dei fleste av oss kjenner den nok i Tina Turner sin versjon. Den vart ein internasjonal hit i 1989, då ho gav ut albumet Foreign Affair. Refrenget som startar med «You're simply the best.» kling kjent i øyra for dei fleste.

## I DON'T WANT TO MISS A THING: *Aerosmith*

Katastrofesfilmen Armageddon var den mest innbringande filmen verda over i 1998. Tittelsporet I Don't Want To Miss A Thing var Aerosmiths største hit så langt, og var av dei absolutt mest populære songane dette året.





### **TO THE SEA:** Katzenjammer

Oslo-bandet Katzenjammer spelar musikk som er ei blanding av mange ulike stilartar som folk, pop, rock, bluegrass, blues, soul, country og balkanmusikk. Dei tre medlemmane vekslar på å spele over 20 instrument; mange av dei uvanlege i bandsamanheng. To the Sea vart utgitt i 2008 på debutalbumet til bandet.

### **DON'T STOP ME NOW:** Brian May, Freddie Mercury

Queen starta i London i 1970, då Freddie Mercury slo seg saman med Brian May og Roger Taylor som hadde spelt i bandet Smile. Denne songen kom på albumet Jazz i 1978. I førstninga blei songen sett på som ein av dei mindre viktige songane til Queen. Etter kvart er den blitt meir og meir spelt, og den har blitt ein av dei mest populære songane deira.

### **DDE MEDLEY:** Frode Viken, Idar Lind

Med bakgrunn frå Namsos-bandet After Dark blei DDE starta i 1992. Sidan har dei vore stor leverandør av festmusikk. Her har me sett saman tre av songane deira. DET GÅR LIKAR' NO og ROMPA MI kom begge i 1996, mens VINSJAN PÅ KAIA er frå albumet Rai Rai i 1993.

### **HOTEL CALIFORNIA:** Don Felder, Don Henley, Glenn Frey

Dette er nok den mest kjende songen til Eagles. Bandet starta i Los Angeles i 1971. Med denne songen frå 1977 skapte Eagles eit slags filmunivers der ein person kjem køyrande gjennom ørkenen og finn eit hotell fullt av mystiske folk og hendingar.

### **NOTHING ELSE MATTERS:** J. Hetfield, L. Ulrich Arr.:

Sjangeren til bandet Metallica er Trash Metal, men denne låta høyrer ikkje heime der. Det er ein personleg song som vokalisten James Hetfield seier at han spelte på hotellet for seg sjølv, og so ville dei andre i bandet ha den med på albumet Metallica, som kom i 1991. Songen gjorde nok at bandet fekk mange nye fans.



# OM SONGANE

## SPLITTER PINE: *Kjartan Kristiansen*

Punkebandet Wannskrækk frå Trondheim som starta i 1979 utvikla seg i retning rock. I 1985 bytta dei namn til DumDum Boys. Namnet tok dei ifrå ei låt av Iggy Pop og David Bowie. Dei er rekna som eit av de fire store norske rockebanda på 80-talet. Det andre studioalbumet deira, Splitter pine, kom i 1989.

## COMFORTABLY NUMB: *David Gilmour, Roger Waters*

Dobbeltalbumet The Wall i 1979 er eit av høgdepunkta i den lange karrieren til Pink Floyd. Det er ein rockeopera som handlar om isolasjon og å bli forlaten. Hovudpersonen «Pink» byggjer ein mur kring seg. Comfortably Numb skildrar ein episode der «Pink» kjenner seg isolert og mislikar sterkt å vera rockestjerne. Han kollapsar og får hjelp av ein lækjar som gjev han ei sprøyte slik at han orkar å gjennomføre konserten.

## I WAS MADE FOR LOVIN' YOU: *Desmond Child, Paul Stanley, Vincent Ponchia*

Kiss som har halde på heilt frå 1973 til no, er nok mest kjend for sceneshow, kostymar og andletsmåling. Då dei i 1979 kom med denne songen på albumet Dynasty, var det mange av fansen som meinte at dette var for mykje disco og for lite rock. Til tross for dette blei singelen Kiss si andre gullplate i USA.

Korarrangementa er skrivne av, eller tilpassa vårt kor av, Torleiv Agdestein.



FOTO: PETER TUBAAS



FOTO: HARALD ONARHEIM,  
BLADET SUNNHORDLAND



FOTO: PETER TUBAAS



# Stolt sponsor

## kulturelle arrangement



**LEIRVIK®**

### Stolt sponsor

Leirvik AS har lang tradisjon for å gje tilbake til samfunnet gjennom støtte til ulike lag, organisasjoner og foreninger som driv med kultur, idrett og aktivitet.

Sjekk ut vår sponsormoglegheiter:  
<https://leirvik.com/contact/sponsor/>



- Tømrararbeid
- Vindu og dører
- Hus og påbygg
- Alt i glas- og låsarbeid
- Rehabilitering

Svartadalen 3, 5412 Stord  
Tlf. 53 40 10 10





GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT - JORDSORTERING

# Stord Anlegg

[www.stordanlegg.no](http://www.stordanlegg.no)



Grov Forskaling



NORTH SEA  
SHIPPING

**M E C A**  
**UTDØDE AUTO** 



# Hageland

Heiane 55, 5412 Stord

# ABQ | PLAN & ARKITEKTUR

## Fylkesnes Bil

/// ENKELT OG KOMPLETT ///

### **Heiane Bil AS**

Autorisert Opel Virksomhet  
Heiane, 5412 STORD. Telefon 53 40 23 00

Måndag - onsdag 07.30 - 16.30

Torsdag 07.30 - 18.00

Fredag 07.30 - 16.30

Laurdag 10.00 - 14.00



Reisebyrået Stord





t r e f f s t a d e n  
i s e n t r u m

**Heiane**  
storsenter

INGENIØR  JØRGENSEN



# Fremtidig utvikling

Vi arbeider for fremtidig utvikling.  
Med Fronta er du på trygg og riktig vei.

**FRONTA**

[www.frontagruppen.no](http://www.frontagruppen.no)

**Grov Grasklypp**



**ALDE  
AKVA**



Almaas Hotell Stord



**PODLEN VERKSTAD AS**

# **novaform**<sup>®</sup>

Prosjektadministratoren innen bygg og anlegg



# **Oma Baatbyggeri as**

Postboks 200 – 5402 Stord



Oma Slipp & Mek. Verksted a.s



# ecit

 **KONTI**  
Smartere regnskap

Ølen - Haugesund - Stord  [konti.no](http://konti.no)

**STOMAS**  
ELEKTRO 

 **Engevik &  
Tislevoll a.s**



LÆKJAR  
FINN GUNNAR OTTENSEN

TADA

SKEIDAR  
Møbler & Interiør

AkerSolutions™



**ENGELSEN**  
ENTREPRENØR



**Varmthus**



**opero**

WWW.OPERO.NO

S N  
O R



*Irgens as*  
Borggata 13 - Tlf. 53 41 44 7

Multiconsult

 Stord  
Innkvartering  
TOTALEVERANDØR AV MODULBYGG

 ORIS DENTAL

**FRAKTEFARTØYET  
M/S NYBORG**

# ROCK & SÅNT

**We Will Rock You/Let Me Entertain You** – Kor + Brita Andrianne Grov, Stine Haugland Skartveit, Roy Rossland og Olav Bauge

**Rock'n Roll Medley** – Kor

**Livin' On a Prayer** – Kor

**Levva Livet** – Trond Taraldsøy + kor

**Don't Bring Me Down** – Kor

**I Love Rock'n Roll** – Line Sand, Aina Westvik og Marita Huse + kor

**Teigen Mix** – Kor

**Hjerteknuser** – Kor

**The Ballroom Blitz** – Dag Bergsvåg + kor

**Ironic** – May Linn Grov, Kari Hilde Rommetveit og Brita Andrianne Grov

**Need You Now** – Stine Haugland Skartveit og Roy Rossland

**Just A Girl** – Martha Stockmann

**The Best** – Sissel Johnsen

**I Don't Want to Miss a Thing** – Torleiv Agdestein og Marita Huse

**To the Sea** – Endre Bjørn Ladegaard, Kari Akselsen, Laila Føyen og Olav Bauge

**Don't Stop Me Now** – Kor

**DDE Medley** – Kor

**Hotel California** – Kor

**Nothing Else Matters** – Kor

**Splitter Pine** – Kor

**Comfortably numb** – Kor

**I Was Made for Lovin' You** – Kor

**MUSIKALSK LEIAR:** Torleiv Agdestein

**BAND:** Ståle Tesdal (gitar), Åge Ottesen (bass),

Severin Vik (tangentar og gitar), Torbjørn Agdestein (trommer)

**LYD:** Vest Lydservice AS

**PROGRAMLEIARAR:** Laila Føyen,

Ellen Simonsen, Endre Bjørn Ladegaard og

Stine Haugland Skartveit

**IDE OG MANUS:** Laila Føyen, Ellen Simonsen,

Stine Haugland Skartveit, Endre Bjørn Ladegaard og Dag Bergsvåg

**REGI OG INSTRUKSJON:** Laila Føyen og Dag Bergsvåg.

